

Årsmøte Vikedal Bygdahus 2024



Møtereferat

06.03.2025

Til stades:

- Vigleik Bakkedal – Vindafjord IL
- Anja Våg Skjold – Vindafjord IL
- Georg Opsal – Vindafjord IL
- Aslaug Nybru – Vikedal og Imsland skyttarlag
- Bjørn Hallvar Eikeland – Vikedal Bondelag
- Arild Austrheim – Vikedal skulekorps
- Mangor Bårdsen – Vindafjord Røde Kors
- Ina Helmers – NMK Vikedal
- Asle Øverland – NMK Vikedal
- Anne Cecilie Berentsen – Vikedal Båttforeining
- Stian Leite Frøland – Vindafjord Pistolklubb
- Tone Helen H. Halleraker – Vikedal Ungdomslag
- Stina Kvaløy Krokedal – Vikedal Ungdomslag
- Venke Særsten – Vikedal Ungdomslag
- Gro Anett Espevoll – Vikedal Ungdomslag
- Nils Erik Eide – Vikedal Ungdomslag
- Anne Cecilie – Vikedal dykkarklubb

Alle andelseigarar stilte med representantar til årsmøtet.

1. Godkjenning av innkalling

Ingen merknad til innkalling.

Totalt er det 22 delegat som er representasjonsskapet i Vikedal Bygdahus, på årsmøtet møtte 17 stk. Vedtektene seier at det må minimum vera 2/3 oppmøte for at årsmøtet skal vera stemmeberettiga.

Vedtak:

Innkalling til årsmøtet blei samrøystes godkjent.

17 av 22 er over 2/3 så årsmøtet var stemmeberettiga.

Tone Helen H. Halleraker og Arild Austrheim blei valde til å skrive under protokollen.

2. Årsmelding

Styret leste opp årsmelding, årsmøtet fekk moglegheit til å stille spørsmål fortløpande.

Vedtak:

Årsmelding for 2024 blei samrøystes vedtatt.

3. Rekneskap 2024

Gjennomgang av rekneskapet – årsmøtet fekk moglegheit til å stille avklarande spørsmål. Årsresultatet viser eit underskot, men det inkluderer store avskrivningar. Sjølv om avskrivningane er reelle kostnader, påverkar dei ikkje kontantstraumen. Om vi ser bort frå avskrivningane, viser resultatet faktisk eit overskot. Rekneskapsfører melde før årsmøtet at det ikkje var tid nok til å få sendt over rekneskapet til revisorane og får det godkjent til årsmøtet.

Vedtak:

Rekneskapen for 2024 blei vedtatt med føresetnad at revisorane godkjenner rekneskapet. Revisorrapporten blir sendt til styret når den er klar for gjennomgang. Dersom det viser seg at den ikkje blir godkjent må styret kalle inn til ekstraordinært årsmøte for ny gjennomgang og vedtak. Dersom den er godkjent så er det ikkje behov for ekstraordinært årsmøte. Årsresultat minus 183.947 kr.

4. Budsjett 2024

Det er budsjettet med maling og anna i samband med fasaden på idrettshallen og ny gulvvaskemaskin. Før innkjøp av gulvvaskemaskin er det viktig å forhøyre seg om kva type som er best til alle type gulv på bygdahus og idrettshall.

Vedtak:

Budsjett for 2025 blei samrøystes vedtatt.

5. Val 2025

Vigleik Bakkedal 2 år (NY)

Erlend Nesheim 1 år (overtek plassen til Johannes H. Leifsen som trekk seg frå styret)

Asle Øverland 1 år

Ina Helmers 1 år

Nils Erik Eide 2 år (attval)

Vara:

Tone Helen H. Halleraker 2 år (attval)

Håkon Bakkedal 1 år

Pubnemnd:

Anne Cecilie Berntsen 2 år (attval)

Daniel Holten 1 år

Jarl Andre Holten Leifsen 1 år

Filip Bartczak 2 år (attval)

Valnemnd:

Svein Bjarte Holten 1 år

Georg Opsal 1 år

John Sigve Matre 2 år (attval)

Vedtak:

Nytt styre blei samrøystes vedtatt. Styret konstituerer seg på første styremøtet. Styret har signaturrett på vegne av Vikedal Bygdahus.

6. Orienteringsaker

Sommarfestivalen 2025

Styret orienterte om Sommarfestivalen for 2025 som skal vera 12. juli i samarbeid med Vikedal Båtforeining, som skal ha ansvar for dagarrangementet i båthamna. Det vil bli lagt opp til same konsept som i fjor med aftersea og dans på kvelden. Ny tanke i år er å ha gratis konsert for barn, unge og eldre mellom aftersea og kveldskonserten. Dette vil ein kome tilbake til når meir informasjon er på plass. I fjor blei pubnemnda engasjert til å ta seg av kveldsarrangementet, noko dei har sagt nei til dette året. Det er utanom det dei har sagt ja til i utgangspunktet, noko som er heilt «fair». I den samanheng lufta styret med årsmøtet om moglegheita for at andelseigarane skaffa ei viss mengd vakter til å bidra. Det var positiv respons på dette, så **årsmøtet oppmodar andelseigarane til å stille med vakter**, fordelt litt etter kor mange andelar laget har. Eit forslag kan vera slik:



Bar og ordensvakter Sommarfestivalen 2025 - andelseigarar

Lag	Vakter	Merknad
Vikedal Ungdomslag	1 back up	Vikedal Ungdomslag har arbeidet med underhaldning på dagtid samt litt lyd. Kaptein Hjørnetann på dagarrangement, i tillegg har VUL medlem i hovudstyret for Sommarfestivalen
Vindafjord Idrettslag	3 stk	
Vikedal skyttarlag	2 stk	
NMK Vikedal	3 stk	
Vindafjord pistolklubb	1 stk	
Vikedal bondelag	1 stk	
Vikedal dykkarklubb	Fristilt	Kun eitt medlem
Vikedal skulekorps	1 stk	Lite aktiv for tida
Vindafjord røde kors	1 back up	
Vikedal båtforeining	1 back up	Ansvar for dagarrangement i båthamna / fiskefestival
Pubnemnd	1 stk	Anne Cecilie har sagt ja til å vera med, i tillegg har dei sagt at dei kan bistå med å setja opp og ta ned telt langs huset ved kunst'n
Totalt	12 vakter + 3 back up	Hovudstyret tek seg av søknadar om skjenking og politi mm.

Driftsteam Vikedal Bygdahus og Idrettshall

Styret informerte om eit Driftsteam som kan bestå av pensjonistar og andre aktuelle som utfører arbeid frå ei liste som styret utarbeidar fortløpande. Johan M. Reinertsen har sagt ja til å leiar denne gruppa og etter ein runde med førespurnadar har fleire allereie sagt ja til å bli med på denne lista. I samarbeid med Reinertsen, som ønskjer å kombinera dette med sosialt opplegg, blir det laga ein plakat som blir hengt opp på butikkane våre. I tillegg på Facebook og heimesida. Vår faste vaktmeister Reidar Espevoll har gjort ein framifrå jobb i mange år og har ytra ønskje om å tre til side, difor jobbar altså styret med eit nytt alternativ. Kona Kari Espevoll har også gjort ein kjempejobb med booking, som no Gro Anett Espevoll og Lilly H. Nilsen har sagt at dei kan ta ansvar for framover. Det er me glade for. Meir info om dette kjem fortløpande.

7. Innkomne saker

Dagleg leiar Vikedal Bygdahus og Idrettshall v/styret

Styret presenterte ide om mogleg dagleg leiar for Vikedal Bygdahus og Idrettshall. Dette kan vera med på å motivera fleire til å vera med i styreverv framover, med ein dagleg leiar i 10/20% stilling så vil den gjera mykja av det praktiske arbeidet og rapportere til styret, i staden for at det er styret som må gjera alt. Årsmøtet var positive til dette og bad styret sondere terrenget og lage instruks og budsjett. Årsmøtet ønskjer at denne stillinga skal jobbe for å «finansiere seg sjølv» med å marknadsføra og jobbe for at det skal bli meir inntektsbringande arrangement og anna. Sjølv om ein kanskje ikkje i første omgang tener meir pengar så vil denne investeringa føre til at det, som sagt, blir lettare å få bygdefolk til å sitja i styret. Fordelen med dagleg leiar er at ein då har ein person som jobbar fortløpande med å halda bygget ved like og utvikle i samarbeid med styret. Her er døme på kva fordelar det vil seia å ha ein dagleg leiar:

Dagleg drift

Ansvar for den daglege drifta av bygdehuset, inkludert vedlikehald og tilsyn med bygningen.

Administrasjon

Handtere administrative oppgåver som budsjettstyring, økonomisk oversikt, og rapportering. Søknadar om tilskot og sponsoroppfølging.

Vertskap

Vere vertskap for gjester og arrangement, sikre at alt går smidig og at gjestene har ein god oppleving.

Kooringering

Koordinere dugnadar, arrangement, sommarfestivalen mm.

Utleige

Handtere utleige av bygdehuset til eksterne arrangement og følgje opp egne arrangement.

Vidareutvikling

Arbeide med vidareutvikling av bygdehuset og idrettshallen og tilhøyrande fasilitetar.

Desse oppgåvene kan tilpassast etter behov og interesser til den som har stillinga. Det kan også vere nødvendig med noko arbeid på kveld og helg, spesielt i samband med arrangement.

Vedtak:

Årsmøtet gir styret fullmakt til å jobbe vidare med dagleg leiar. Det er opp til styret om ein kjem tilbake med sak til ekstraordinært årsmøte eller ventar til neste ordinære årsmøtet. Årsmøtet er positive til å få dette til så snart som mogleg.

Amfi v/Vikedal Ungdomslag

Vikedal Ungdomslag kjøpte i 15. mai 2023 eit 113 seters amfi på auksjon på Finn.no. V.U.L fekk overraskande tilslaget og stod plutselig med dette amfiet som måtte fraktast frå Herøy kommune. Dette kosta V.U.L i tillegg 90.000 kr. For tida står amfiet på lager på Røde Kors huset der V.U.L betalar 24.000 kr i året for lagring. V.U.L ønskjer å gi dette amfiet i gåve til Vikedal Bygdahus og bygda elles. Årsmøtet fekk i møtet ein presentasjon frå V.U.L og tok stilling til om denne gåva skulle tas i mot eller ikkje.

I løpet av eit år står storsalen tom og blir meir brukt som «lager». Det er eit par gonger i året det er større aktivitet og arrangement, som 4H fest, 17. mai, juleball, bryllup. V.U.L meiner at eit amfi som samanslått ikkje byggjer meir enn 2,5 meter frå bakveggen vil vera «hemmande» for eit større arrangement. Det er mogleg å nytte kafeen og foajeen i tillegg dersom behov.

Amfiet tek 113 personar, og dersom dette står oppe vil det vera mange moglegheiter som opnar seg som t.d. å leige ut til konferansar til kommune og firma, storklasserom for skulen, konsertar, teater, føredrag, folkemøte og andre kulturelle aktivitetar for barn, unge og eldre. Etter ein god og konstruktiv diskusjon blei det til slutt beslutta følgjande vedtak:

Vedtak:

Årsmøtet stemde med 14 stemmer for og 3 stemmer mot for at amfiet på 113 seter skal monterast i storsalen på Vikedal bygdahus. Når dette er gjort må ein sjå på alternative måtar å arrangera dei litt større arrangementa som krevjer dekking mm. Årsmøtet valde å sjå på at dette amfiet vil vera eit nytt tilskot til bygda og at dette potensielt vil føra til fleire arrangement og utleigemoglegheitar. Årsmøtet takka V.U.L for denne gåva.



Oppgradering lyd/lysanlegg, samarbeid med V.U.L v/styret og Vikedal Ungdomslag

I mange år har styret ønska eit enklare system for lyd ved arrangement, som gjer at det er veldig enkelt for leigetakarane å kople til lyd på t.d presentasjonar og mikrofon. Styret hyra Båge Multimedia til å gje eit tilbod på dette. Pris på det heile kjem på 360.000 kr inkl mva + motering. Styret presenterte dette for årsmøtet som meinte det var andre områder som burde prioriterast i denne omgang.

Vedtak:

Årsmøtet stemde samrøystes mot innkjøp av fast lydanlegg i denne omgang.

8. Eventuelt


- Vedtektene til Vikedal Bygdahus bør opp til ny revidering, styret informerte om at dei vil fremja dette som ei sak til neste årsmøte i mars 2026.

07.03.2025

Nils Erik Eide, referent



Arild Austrheim



Tone Helen Haugland Halleraker